



Referanser:
Dykkar:
Vår: 21/1049 - 23/7996

Saksbehandlar:
Per Sveinar Morsund
per.sveinar.morsund@alver.kommune.n
o

Dato:
31.01.2023

Orientering om oppstart av tvangsmulkt - gbnr 137/129 Alver

Tiltak: ulovleg oppført modulbygg
Byggjestad: Gbnr 137/129 Alver
Tiltakshavar:
Ansvarleg søkjar: Cardo 8614 As

Saka gjeld

Oppfølging av pålegg om retting og opphøyr av bruk.

Kommunen vil snart sende deg faktura for manglande opphøyr av bruk

Vi viser til pålegg om retting og vedtak om tvangsmulkt datert 11.10.22. Vi har ikkje motteke stadfesting på at den ulovlege bruken har opphøyr og ser oss difor nøydd til å iverksette innkreving av tvangsmulkt som varsla.

VEDTAK

1. Opphøyr av bruk

Vi pålegg dykk å opphøyre all bruk av oppført modulbygg og øvrige tiltak godkjent i rammeløyve datert 05.08.15 inntil det eventuelt ligg føre løyve. Frist for opphøyr av bruk er **30.11.22**. Det må sendast inn skriftleg stadfesting innan fristen på at bruken er opphøyr.

2. Retting

Vi pålegg dykk at oppført modulbygg og øvrige tiltak godkjent i rammeløyve datert 05.08.15 må fjernast og at brukt terreng skal tilbakeførast til opphaveleg terrengoverflate. Fristen for retting og tilbakeføring er **28.02.23**.

3. Tvangsmulkt

Eingongsmulkt på kr 30 000,- blir ilagt den 01.12.22 dersom den ulovlege bruken ikkje opphøyrer.

Løpande dagmulkt på kr 1000,- per eining frå og med 01.12.22 dersom den ulovlege bruken ikkje opphøyrer.

Eingongsmulkt på kr 30 000,- blir ilagt den 01.03.23 dersom ikkje det ulovlege tilfellet er retta.

Løpande dagmulkt på kr 1000,- frå og med 01.03.23 dersom det ulovlege tilfellet ikkje er retta.

Vedtaket har heimel i plan og bygningslova §32-3 og §32-5.

I brev datert 28.11.22 gjorde vi deg merksam på at kommunen må følgje opp tilhøve som gjeld ulovleg bruk sjølv om det pågår ein søknadsprosess.

Det er naudsynt at du stadfestar at den ulovlege bruken har opphøyr for å unngå tvangsmulkt slik det går fram av vedtaket. Om vi ikkje høyrer noko innan 10.02.23 vil du motta snart motta ein faktura med eingongsmulkt og løpande dagmulkt for kvar bueining for perioden 01.12.22-31.01.23.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 21/1049

Med vennleg helsing
Alver kommune, Miljø og tilsyn

Eirik Berntsen
Avdelingsleiar

Per Sveinar Morsund
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.